
Fra: Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>
Sendt: 8. juni 2017 10:22
Til: Postmottak Lindås; Ørjan Raknes Forthun
Kopi: Christian Hagerup Reinshol; Frøydis Ones;
ordforar@indas.kommune.no; erikhopland@live.no; Inge Herman
Rydland
Emne: Solbakken, Rydland 173/3 - Saksnr: 028/17; ArkivsakID: 15/1612

Til Rådmannen

Lindås kommune

Saksnr: 028/17; ArkivsakID: 15/1612

Viser til sak som vart lagt fram for Plan- og miljøutvalet i kommunen 22. mars 2017.

Vedtak, som er identisk med Rådmannen sitt forslag, lyder slik: *I medhald til plan- og bygningslova §12-3, avslår plan- og miljøutvalet søknad om oppstart av reguleringsarbeid for 173/3, for etablering av bustader. Det vert vist til saksutgreiinga for grunngjeving.*

Eg fekk saksutgeriinga frå ansvarleg sakshandsamar i god tid før møtet i PM.

I eit alternativt framlegg til vedtak, står det: *Plan og miljøutvalet godkjenner oppstart avs reguleringsarbeid på gbnr 173/3, Rydland, på vilkår av at det vert utarbeidd planprogram for planarbeidet med framlegg for tema som skal konsekvensutgreiast. Sentrale utgreiingstema for konsekvensutgreiinga er landbruk og trafikktryggleik i tillegg til andre aktuelle tema.*

Dette vedtaket kunne leva godt med. Eg ser berre ikkje korleis dette alternative vedtaket er reflektert i vedtak frå PM, som nettopp er begrunna i saksutgreiinga.

I min søknad til kommunen, inngår det tre element: Makeskifte for leikeplass, utbygging av siste steg av Solbakken, samt utbygging av Solhøgda. Eg er noko overraska over att Rådmannen ikkje seier noko om dei tre ulike elementa i sitt forslag til vedtak.

Det viktigaste for meg og innbyggjarane på Solbakken, er å få anlagt ein ny leikeplass/fritidsområde. Denne saka har vore med i min kommunikasjon med kommunen i meir enn ti år, og den er likevel ikkje nærmare ei løysing. Det tykkjer eg er urovekkande. Som eg skriv i min søknad, vart den gjeldande leikeplassen/fritidsområdet bestemt av kommunen, mot mitt og andre sine råd. Området er like mykje ueigna til formålet i dag som det var i når Solbakken vart bygd.

Dei som bur på Solbakken er naturlegvis svært skuyffa over att kommunen ikkje kan visa fleksibilitet i denne saka. Når krava til leik og fritidsområde er som dei er, må det vera i alle sine interesser at beste løysing vert funnen. Saksutgreiinga støttar opp under mitt argument att ny plass for leik og fritid ikke tek høgbonitetsmark, slik skissa i min søknad viser. Å visa til plan- og bygningslova i denne spesielle saka, er difor overraskande.

Eg bed no kommunen sjå på denne saka att, so raskt som mogeleg. Det er ikkje i nokon si interesse å forhala ho meir. Samtalar med bebruarane på Solbakken understrekar att dette er ei sak som me alle ynskjer løyst så raskt som mogeleg. Om naudsynt, inviterar eg gjerne til ei synfaring.

De to andre sakene vil eg koma attende til ved eit seinare høve.

Mvh

Inge Herman Rydland

Grunneigar 173/3

Kopi:

Solbakken, v/Jan Erik Hopland